



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1

Dykkar ref: Vår ref.: Arkivnr.: Dato:
2009/551 433.52 09.09.2009

Protokoll frå møte 02.09.2009

Rovviltnemnda møtte 02.09.09 i Sogndal. Desse møtte frå nemnda: Norvall Nøringset, Marit Barsnes Krogsæter og Oddny Omdal. Odd Arild Kvaløy melde fråfall, men vara Tone Ravnås kunne ikkje stille. Joril Christensen frå Hordaland melde ikkje fråfall. Frå sekretariatet stilte Birger Aasland og Anders Braa.

Sakliste:

- 15/09: Oppfølging av sak 11/09, oppdatering av kunnskap om kongeørnbestand i regionen.
- 16/09: Status for tap av beitedyr og førekomst av freda rovvilt i regionen mot slutten av beitesesongen. Orientering frå SNO.
- 17/09: Tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak så langt i 2009. Orientering frå FM.
- 18/09: Fastsetting av kvote, fellingsområde og andre vilkår for lisensfelling av jerv for perioden 2009/2010. Vedtak
- 19/09: Orienteringssakar og ymse

Før formelt møte i nemnda fekk frammøtte representantar frå næringa i Sogn høve til å legge fram sine syn for nemnda. Dei fleste gav uttrykk for ros til nemnda for stor vilje til høgt uttak av jerv i regionen i siste fellingsseong, og til SNO for effektivt uttak av jerv i Indre Sogn i år. Så langt har med unnatak for Leikanger beiteåret vore roleg, men representantane gav uttrykk for at det er viktig å framhalde trykket på jerven.

Vidare la dei vekt på at lisensfelling er svært vanskeleg i desse fjellstroka, og at realistisk sett må uttak skje gjennom ekstraordinære uttak i regi av SNO. Det blei og framsett ønske om høve til å ta ut dyr på ekstraordinært vis tidlegare på vinteren før tispene går i hi.

Dei la og vekt på at grenseregionane bør syta for høve til uttak av bjørn, gaupe og jerv i buffersona mot Region 1. Når det gjeld kongeørn er det mistanke om auka bestand dei siste åra. Positive til auka kunnskap og overvaking av kongeørnbestanden i regionen.

15/09: Braa orienterte, jf saksframlegget til møteinnkallinga.

16/09: Rein Arne Golf frå SNO orienterte, mellom anna om jervskade i Leikanger i sommar. Det kom ikkje fram opplysningar som endrar grunnlaget for sekretariatet sitt forslag til vedtak

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Norvall Nøringset
Telefon: 57826706/95038575/57721970
norvall.noringset@sf-f.kommune.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

om lisensfelling. Gaupe er dokumentert i Indre Sogn, men det er uklårt kor mange dei er. Usikker gaupe er knytt til kadaverfunn i Sunnhordland. Kongeørna har hatt eit dårleg produksjonsår i år, ser det ut til, truleg på grunn av lite byttedyrtilgong.

17/09: Det er ikkje meldt om akutte tiltak eller andre tiltak som har fått tilskot frå FKT-midlane utover det som er kjend frå møtet i mars. Nemnda ber fylkesmennene om å prioritere eventuelle restmidlar på budsjettposten 1427.73 til oppdatering av kongeørnbestanden, jf sak 15/09.

18/09: Nemnda vedtok ei lisensfellingskvote på 4 jervar i Indre sogn i tillegg til 2 jervar som kan fellast i heile regionen i sesongen 2009/2010. Vedtaket sendast ut som eiga sak.

19/09: Sekretariatet sender epost om rovviltkongress på Hamar i oktober til alle i nemnda for eventuell påmelding. Reise og opphald blir dekt for alle som vil reise. Lønn skal normalt ikkje utbetalast for anna verksemd enn ordinære møte i nemnda. Når det likevel er høve til det ut frå budsjettsituasjon, og med bakgrunn i innhaldet i kongressen er det likevel aktuelt å utbetale lønn for inntil 2 deltakarar frå nemnda.

Neste møte i nemnda er førebels sett av til 13. januar 2010. Reservedato er 12. januar. Møtet blir i Kristiansand.

Med helsing

Norvall Nøringset
leiar for rovviltnemnda

Anders Braa
For sekretariatet

Rovviltnemnda Region 1:

Joril Christensen	Sædalssvingene 36c, 5098 Bergen
Magnar Lussand	Lussand, 5736 Granvin
Marit Barsnes Krogsæter	Kleiva 83, 6900 Florø
Norvall Nøringset	Skora 6A, 6800 Førde
Jenny Følling	Solhøgda, 6977 Bygstad
Oddny Omdal	Balchensvei 35, 4656 Hamresanden
Jon Grindland	Grindland, 4646 Finsland
Odd Arild Kvaløy	Rogaland Fylkeskommune, postb. 130, 4001 Stavanger
Tone Ravnås	Ryfylkeveien 2510, 4120 Tau

Kopi pr epost:

- Fylkesmennene i Region 1



ROVVILTNEMNDNA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Adresseliste

Dykkar ref: Vår ref.: Arkivnr.: Dato:
2009/551 2009/551 433.52 09.09.2009

Vedtak om lisensfelling av jerv i Region 1 for perioden 10.09.2009 - 15.02.2010

Rovviltnemnda for Region 1 vedtok kvote og andre bestemmelsar for lisensfelling av jerv i åra 2009/2010 på møte i Sogndal 02.09.2009. Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova §§16 og 18, samt rovviltforskrifta §§4, 7 og 10. Vedtaket vil bli lagt ut på fylkesmannen si nettside med det første.

Sekretariatet sine saksopplysningar, vurderingar og framlegg til vedtak er lagt inn som vedlegg til innkallinga til møte 02.09.09. Dokumentet finst på våre nettsider www.fylkesmannen.no/rogaland, under miljøvernavdelinga og rovviltnemnda sin plass under viltforvaltning.

Vedtak

- 1) Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.09 – 15.02.10. Det avgrensast 2 område for felling:

Delar av Sogn og Fjordane og Hordaland fylke slik det går fram av kart og omtale under: Frå fylkesgrensa mot Møre og Romsdal i Hornindal på austsida av Rv 60 fram til Byrkjelo. Vidare langs E39 til Romarheim, Fv 569 til Dalseid og E16 til Voss, Rv 13 og Fv 572 til Ulvik. Langs Eidfjord og Riksveg 7 til fylkesgrense Buskerud ved Halne. Fellingskvoten for dette området er 4 jervar.

Heile Region 1: Fellingskvoten for dette området er 2 jervar.

- 2) Til saman kan det fellast 6 jervar i Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/DN sitt vedtak blir belasta kvoten.

- 3) Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote er tilgjengeleg på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at den blir felt

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Norvall Nøringset
Telefon: 57826706/95038575/57721970
norvall.noringset@sf-f.kommune.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

- Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002).
- Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Fylkesmannen.
- Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.
- Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.
- Fylkesmennene administrerer lisensfellinga.

Grunngjeving

Nemnda syner til sekretariatet sine vurderingar i saksframlegget som grunngjeving. Nemnda vil likevel auke kvota avsett til Indre Sogn med ett dyr i høve til framlegget. Det er viktig å sikre stor nok kvote for å halde fram den gode utviklinga for tap av sau til jerv dei siste åra i Indre Sogn. Trass i låg fellingsprosent på lisensfelling er det ei målsetting å ta ut mest mogleg skadegjerande dyr gjennom lisensfelling. Nemnda legg og til grunn at eit uttak på 6 dyr i regionen ikkje vil gå ut over jerven si overlevingsevne på lang sikt. Vi syner til at tal på gjennomsnittlege årlege ynglingar i landet pr i dag ikkje er under det nasjonale målet på 39.

Klage

Nemnda sitt vedtak kan påklagast etter forvaltingslova §§28 og 29 innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klaga skal handsamast av Miljøverndepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

Med helsing

Norvall Nøringset
leiar for rovviltnemnda

Anders Braa
for sekretariatet

Vedlegg: Kart over fellingsområde i Indre Sogn/ Hordaland

Adresseliste:

Mattilsynet – Regionkontoret for Rogaland og Agder v/Marit Manhenke	Postboks 385	2381 Brummundal
Mattilsynet – Regionkontoret Hordaland og Sogn og Fjordane v/Trude Lien	Postboks 383	2381 Brummundal
Rogaland Bonde- og Småbrukarlag	Eia	4380 Hauge i Dalane

v/Jan Ove Langheim		
Rogaland Bondelag	Postboks 278, Sentrum	4002 Stavanger
Rogaland Sau- og Geitalslag v/Ole Jonny Espevold, oleimp@online.no	Storhaug	5565 Tysværåvåg
Naturvernforbundet i Rogaland	Postboks 441, Sentrum	4002 Stavanger
NJFF - Rogaland	Postboks 313	4291 Kjøpervik
Norges Bondelag - Fagutval rovviltspørsmål v/sekretær for rovviltsaker	Postboks 153	6801 Førde
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag v/Harald Jarl Runde	Liabøen	6817 Naustdal
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane v/Jon Farestveit	Åbergevegen 20	6856 Sogndal
SNO v/Jon Erling Skåtan	Birkeland	4592 Kvås
SNO v/Rein Arne Golf	Fjordsenteret	5745 Aurland
Vest-Agder Saualslag v/Svein Haugom	Haugom	4440 Tonstad
Norges Bondelag, Agderskontoret	Rigetjønnsveien	4626 Kristiansand
Naturvernforbundet i Vest-Agder v/Torbjørn Fredriksen	Grøngjelveien 33	4514 Mandal
Vest-Agder Jeger- og Fiskerforbund v/Øystein Stamland	Wolframv. 66	4629 Kristiansand
Vest-Agder Bonde- og Småbrukarlag v/ Kjell Magne Larsen		4580 Lyngdal
Grunneiernes Frittstående Organisasjon	Postboks 4554	4673 Kristiansand
Agder – Telemark Skogeierforening, Utmarksavd.	Postboks 116 Sentrum	3701 Skien
Foreningen Våre Rovdyr v/Jan Birger Westergren	Sømskleiva 11	4637 Kristiansand
WWF-Norge	Postboks 6784 St. Olavs plass	0130 Oslo
Hordaland Bonde- og Småbrukarlag v/Åse Marie Reisæter		5776 Nå
Hordaland Bondelag	Bjørns gt. 1	5008 Bergen
Hordaland Sau- og Geitalslag v/Ove Holmås		5956 Vågseidet
NJFF Hordaland	Tverrgt. 4/6	5017 Bergen
Naturvernforbundet i Hordaland	Postboks 1201	5811 Bergen
Norges Miljøvernforbund	Postboks 593	5806 Bergen

Sendast pr epost til:

- Rovviltneimnda Region 1
- Fylkesmennene i Vest-Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane
- Sekretariata for regionane 2, 3 og 5
- Direktoratet for naturforvaltning

Lisensområde for jerv i Indre Sogn / Hordaland

